

Fra: Alvar Melvær <alvar-m@online.no>
Sendt: 12. juni 2014 17:12
Til: NVE
Kopi: Fagerheim Siri Merethe
Emne: Tilleggsfråsegn: Mundalselvi kraftverk i Fjærland, Sogndal kommune, Sogn og Fjordane.

NVE

Konsesjonsavdelinga - småkraft

Tilleggsfråsegn Mundalselvi kraftverk.

Vi viser til hovudfråsegna vår av 12.03.2014 og til NVE si sluttsynfaring 02.06.2014, og har nokre tilleggskommentarar etter synfaringa:

* Etter synfaringa held vi fast ved hovudkonklusjonen vår: Mundalselvi bør ikkje byggast ut. Men vi skal også no kome med andre kommentarar for det tilfellet at NVE ikkje er einige i denne hovudkonklusjonen.

* Under NVE-synfaringa fekk vi stadfesta at Botnagrovi er eit svært viktig landskapselement. Inntaket er rett nok tenkt plassert så langt nede i elva at ein stor del av vasstrengen ikkje vert påverka av utbygginga, men vasstrengen nedanfor inntaket, som vert sterkt påverka, er også viktig i landskapet! Særleg godt synleg vert denne delen av elva frå eit kort stykke ovanfor Vårstølen og vidare innover det relativt flate partiet i dalen. På dette partiet vil Botnagrovi sjå "heilt merkeleg ut". Den vil brått forsvinne fullstendig oppe i fjellsida, bortsett frå når vassføringa er så stor at inntaket ikkje greier å ta unna alt vatnet. Vi held fast ved at viss det blir utbygging, så må overføring av Botnagrova takast ut av prosjektet. Dette vil også gje noko auka vassføring i hovudelva på den nedste delen av utbyggingsstrekninga.

* I hovudfråsegna vår ba vi om at inntaket vert flytta litt nedover i elva og/eller at dammen vert gjort lågare. Det ville vere ein fordel å redusere inngrepa i nærleiken av Fjellstølen. Synfaringa viste at slike tiltak er vanskelege å gjennomføre fordi den øvste delen av røyrkata må gravast og sprengast så djupt ned. Inngrepa som følgje av dette vil bli omfattande, det kunne vi alle sjå under synfaringa. **Viss konsesjon, ber vi NVE om sterkt å vurdere å krevje at det skal brukast boretunnel på den øvre delen av røyrkatetraseen.** Dette vil redusere landskapsinngrepa på den aktuelle strekninga ganske mykje. Det vil også gjere det mykje lettare å flytte dammen nokre meter lenger nedover i elva og/eller redusere høgda på dammen med til dømes 1 meter. Dette vil redusere inngrepa i nærområdet til Fjellstølen.

* Dessverre gløymde vi under synfaringa å ta opp kabling av linja frå kraftstasjonen og nedover dalen. Dette er viktig, så vi tek sjølvkritikk på at vi ikkje tok det opp. Det som står i hovudfråsegna vår om kabling, gjeld i høgste grad framleis, og **vi ber om at NVE set fram slikt krav.** Kabling av 22 kV-linjer er i dag svært vanleg, ikkje spesielt dyrt, og elles i Fjærland skal det i stor grad brukast kabling, mellom anna utover langs vestsida av Fjærlandsfjorden. (Sjå sakspapira for den no konsesjonsgjevne 132 kV-linja Fjærlandsfjorden - Grindsdalen, og for Småkraft AS sine utbyggingar på begge sider av fjorden.) Med så pass omfattande kabling som det er lagt opp til der, både langs vegen og i fjorden, blir det fullstendig feil å bruke luftlinje inne i Mundalen. Særleg gjeld det i utmarksområda og i stølsområda. Både av omsyn til landskap og av omsyn til fugl bør desse områda vere heilt luftlinjefrie!

Venleg helsing
for Sogn og Fjordane Turlag
Naturvernutvalet
Alvar Melvær
Tlf. 57 82 69 05